

## SAK 53/08, VEDLEGG 1

### Helse- og sosialsektoren

Ringerike sykehus HF  
v/ adm.dir. Unn Teslo  
Arnold Dybsjords v 1  
3511 HØNEFOSS

**Arkivkode**  
G00 &13

**Vår ref.**  
08/1311 - Lappegard

**Dykkar ref.**

**Dato**  
21.08.2008

### UTTALE VEDRØRANDE SØKNAD OM GODKJENNING SOM PILOTSJUKEHUS

Samarbeidsutvalet mellom Ringerike sjukehus HF og Hallingdalskommunane er gjort kjent med at Ringerike sjukehus HF søker om godkjenning som pilotsjukehus.

Gjennom Hallingdal sjukestugu har Hallingdalskommunane eit tett samarbeidsforhold til Ringerike sjukehus HF. Ein har ei felles målsetting om å utvikle og forbetre samhandlinga på alle nivå for å sikre heilheitlege pasientforløp og samanhengande helsetenester.

Gjennom eit formalisert samarbeidsutval er det sett fokus på over 30 samarbeidsområde både innan individfeltet, tenestefeltet og styringsfeltet. Mellom desse er fleire som vert berørt av søknaden om godkjenning som pilotsjukehus. Dette gjeld i særleg grad

- Eit nyutvikla meldingssystem for forbetningspunkt i overføringsfasen mellom dei to nivåa
- Kompetanseutveksling og samarbeid rundt kurs og opplæring
- Samarbeid om definering av behandlingsforløp frå kommunane til sjukehuset og ut igjen til kommunane.
- Vidareutvikle informasjonsflyten mellom kommunane og helseforetaket, herunder deltaking i relevant planarbeid
- Forsking og utviklingsarbeid gjennom samarbeidsprosjektet Hallingforsk, dette saman med Universitetet i Oslo.
- Utvikling av felles rutiner, prosedyrer og kvalitetsindikatorar.

Hallingdalskommunane ser fram til å vidareutvikle samarbeidet med Ringerike sjukehus HF. Vi har god erfaring med samarbeidsprosessar for å utnytte kompetanse, teknologi og ressursar til det beste for den enkelte pasient.

Denne uttalen er drøfta med leiar av Regionrådet i Hallingdal, ordførar Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune. Med si underskrift gjev han på vegne av Regionrådet sterk støtte til Ringerike sjukehus HF som pilotsjukehus og ser fram til å utvikle samarbeidet vidare.

Med helsing

Øystein Lappegard  
kommuneoverlege i Hol og Ål  
AU i Samarbeidsutvalet

(sign)  
Odd Egil Stavn  
rådmann i Flå  
AU i Samarbeidsutvalet

(sign)  
Oddvar Grøthe  
ordførar Hemsedal  
Leiar av Regionrådet